



Pedagogisk  
årsplan  
2024/2025

Tyinvegen 5124, 2975 Vang i Valdres

Tlf kontor: 613 69 490

Hugagløtten: 916 40 836

Grindagjengen: 916 51 849

Epost: [karin.troen@vang.kommune.no](mailto:karin.troen@vang.kommune.no)



# Innholdsliste



• Leiaren har ordet	Side 3-5
• Om Fredheim barnehage	Side 6
• Opningstider og dagsrytme	Side 7
• Sjukebarn og medisiner	Side 8
• Klede	Side 9
• Faste aktivitetar	Side 10
• Visma	Side 11
• Personal	Side 12
• Barnegruppa	Side 13
• Presentasjon av avdelingane	Side 14-15
• Tradisjonar	Side 16-17
• Foreldresamarbeid - med eit mål om barns beste	Side 18
• Smart oppvekst	Side 19-21
• Overgangar	Side 22-23
• Barns medverking og prosjektarbeid	Side 24-25
• Språk	Side 26-28
• Kunst, kultur og kreativitet	Side 29-31
• Skuleruta	Side 32
• Årshjul	Side 33
• Det er godt å ha noen me kjenne	Side 34

# Leiaren har ordet:

Hjarteleg velkomne til eit nytt barnehageår.

Fredheim barnehage går inn i prosjektåret, der medverknad og språk vert våre satsingsområde. Mangeårig forankring i barnehage og skule med Smart Oppvekst byggjer opp eigenskapane til kvar einskild og gjev dei tru på eigen meistring. I omtala av Smart Oppvekst vil de få meir innsikt i korleis dette tankesettet skal prege barna si utvikling, frå tidleg barnehagealder og oppover i skulen.

I tema og fagområda skal barna få rikt høve til å bidra med ynskjer, idear og medverke saman med barnehagepersonalet for trivsel og utvikling på alle utviklingsområda. I barnehagane i Vang er det naturleg å vera mykje ute med rik tilgang til frisk luft og flott natur. Barna vert delt inn etter alder og får kvar sine utedagar gjennom veka. Me ynskjer at barna skal få gode erfaringar med friluftsliv og uteliv til ulike årstider. Variert fysisk aktivitet har mykje å seia for fysisk og psykisk helse. Sterke robuste barn herdar seg i eit aktivt uteliv, med god fysisk utvikling.

Inkluderande praksis vert eit felles satsingsområde i laget rundt barna. Det betyr ikkje så mykje kvar ein kjem ifrå. Alle skal vera inkludert og høyre til i fellesskapet. Respekt og toleranse er grunnleggjande verdier. Refleksjon kring mangfald med barnehagen, PPT, BV og helsestasjonen syner seg i samarbeidet.

**MÅL:** «Me legg til rette for leik og læring i skjerma miljø for enkeltbarn og mindre grupper»




## Framhald:

Dei nasjonale høgtidene, tradisjonane, det fleirkulturelle fellesskapet er viktig formidling til barna. Det er utarbeidd eit manifest mot krenking som gjeld for barnehagane i Vang. Syner her til planen og omtala i generell årsplan. Foreldra og barnehagen sitt personale har eit felles ansvar for barna sin trivsel og utvikling. Alle skal høyre til i fellesskapet. Ingen skal vera utanfor. Det daglege samarbeidet mellom heim og barnehage vil byggje på gjensidig respekt, openheit og tillit.

Fredheim barnehage vil i denne årsplanen synleggjera korleis me styrkar barna i våre satsingsområde og tema gjennom heile året. PPT, barnevernet og helsestasjonen er inne i eit etablert samarbeid ein gong i månaden i Fredheim. Eit lågterskeltilbod til barns beste.

Overordna tema for neste barnehageår i samarbeidet vil verta : «Språk- relasjonar- refleksjon i eit inkluderane fellesskap som vil syne seg i vårt prosjektarbeid. Refleksjon fortset for alltid å utøve vår beste forståing av praksis.

Barnevernet har utarbeidd ein samarbeidsplan for barnehagane i Vang for å sikre barnevernsreformen. Denne samarbeidsavtalen skal synleggjera rammene i samarbeidet mellom dei to tenestane. Målet er at avtalen skal sikre god tverrfagleg samhandling mellom barnevern og barnehagane, slik at barn får naudsynt hjelp og omsorg så tidleg som mogeleg, for god helse og utvikling. Tidleg innsats og førebygging er nøkkelpbegrep, då all forskning syner at «utsette» barn som får hjelp på eit tidleg tidspunkt, har betre føresetnad for å klare seg godt seinare i livet.



## Framhald:

Gjennom Oppvekstløftet i regionen Valdres er me styrka i laget rundt barna. Me vil bygge gode team, starte tidleg og sikre kontinuitet med langvarig stabil innsats. Lenge nok!! Skapa gode relasjonar til barna er det grunnleggande for ei god utvikling. Det å ha profesjonelt mot til å handle i krevjande situasjonar. Ta med barna og foreldra inn i dei gode løysingane. Me støttar og anerkjenner kvarandre. Samskaping og felles innsats frå alle, vil gje barna dei beste føresetnadane for å lykkast.

Tverrfagleg team sikrar samhandling for ein god og trygg oppvekst for alle barn, der tidleg innsats og samarbeid i laget rundt barna skal gje alle ei trygg og god utvikling. Generell årsplan vert revidert og sendt ut til alle foreldre med grunnleggande felles informasjon om barnehagane i Vang.

Tilsette og foreldre vil stå saman om støtte og oppmuntring til meistring på alle utviklingsområda. Det er foreldre eller andre med foreldreansvar som har hovudansvaret for sitt barn sin oppvekst og omsorg.

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas sine behov for omsorg, leik, fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling (barnehageloven § 1).» Me har eit felles ansvar for barna sin trivsel og utvikling. Det daglege samarbeidet mellom heimen og barnehagen byggjer på gjensidig openheit, tillit, anerkjenning og respekt.

Samarbeidet med foreldre blir bygd opp gjennom dagleg kontakt, informasjon i Visma Flyt barnehage, foreldresamtalar og foreldremøter.

Barna vert sett, høyrte, forstått og får medverke på beste måte i eit spanande og motiverande

Velkomne med på laget, Venleg helsing Karin 😊





# FREDHEIM BARNEHAGE

Fredheim barnehage er sentrumsbarnehagen i Vang med gangavstand til biblioteket, kommunehuset, Vang barne og ungdomsskule og Vangshallen.

Fredheim har eit nært og godt samarbeid med Høre barnehage om inkluderande praksis i laget rundt barna.

Barnehagen har to avdelingar:

- Grindagjengen, stor avdeling, med 32 barn i alderen 3-6 år frå august-2024.
- Hugagløtten, minste avdeling, med 12 barn i alderen 1-3 år.

Etter jul vil det verta same antal barn på stor avdeling. På minste avdeling kjem det til fleire, i alt 17 barn frå nytt kalenderår, januar 2025.

Kjellarlokale er til inspirasjon, avlastning, skaparglede og til utviklinga av mange kreative idear. Lokalet er meint som kreativt rom til bruk for både avdelingane.

Meir informasjon får de i den generelle årsplanen for begge barnehagane i Vang kommune, vidare her i årsplanen og i månadsplanane for kvar avdeling.



## Opningstid:

7.00-16.45

Klokka 16.45 låser me døra, og barna må bli henta FØR kl.16.45.



## Levering og henting:

Om barnet/barna vert henta av andre enn foreldra, vil me i barnehagen ha beskjed om dette (på Visma).

Når foreldra og barna har oppnådd kontakt under henting, ser me på dette som at barnet/barna er henta.

Foreldra har då ansvaret for sitt/sine barn, men barnehagens reglar gjeld framleis.

Dette gjeld og på ulike arrangement som vert halde av/eller i regi av barnehagen.

## Solkrem:

Me ynskjer at barna vert levert smørt med solkrem når dei kjem om morgonen. Me smører ved jamne mellomrom ut over dagen, etter behov. Barnehagen held solkrem.

## Dagsrytme:

**07.00** Barnehagen opnar. Barna vert levert på "sine" avdelingar.

**08.30** Frukost for dei som ikkje har ete heime.

(Frukosten vert sendt med frå heime. Når barnet har utedag, **skal barnet ha med to separerte matboksar;**

(ein til frukost og ein til tur)

Dei som skal ete frukost, må vere på plass på kjøkenet **seinast**

**08.45**

**09.30** Aktivitetar / leik / utedag. Me startar opplegget kl. 9.30, så me ynskjer at barna kjem **seinast kl. 9.30**

**10.45** Et dei på Hugagløtten

**11.30** Et Grindagjengen lunsj, etter lunsj går me ut

**14.15** Frukt (Barna på småbarnsavdeling får i tillegg ei lita brødskiye sidan dei et lunsj tidlegare).

**16.45** Barnehagen stengjer.

## Sjuke barn:

Barnehagen tek kontakt med ei gong dersom eit barn vert sjuk i barnehagen, då sjuke barn skal haldast heime. Dersom barnet er i for dårleg form til å vera med på kvardagslege aktivitetar i barnehagen og til å vera ute, skal barnet også haldast heime. Ved smittsame barnesjukdomar skal barnehagen få informasjon om dette, og ved sjukdomar som oppkast og diaré, SKAL barnet haldast heime i 48 timar etter at dei er symptomfrie.

Nokon gonger føler ikkje barnet seg heilt i form, sjølv om til dømes temperaturen er bra. Ved observasjon gjort kring dette, vil me ta kontakt med dykk foreldre for ei vurdering om kva som er til barnets beste.

Retningslinjer ved sjukdom:

<https://www.helsenorge.no/sykdom/barn/hjemme-fra-barnehagen-ved-sykdom/>

## Medisinering av barn

Barnehagen tek ikkje på seg medisinering av barn, dette er foreldra sitt ansvar.

Ved kronisk sjukdom vert det gjeve medisin etter godkjent opplæring





## Klede:

Det er viktig at alle klede er merka godt med barnets namn!

Me i barnehagen har ingen moglegheit til å ha oversikt

dersom kleda ikkje er merka. Umerka klede vil henge på veggen/ligge i ei kasse til den 1. i

kvar mnd. Kler som ikkje er teke med heim, men er nyttig for barnehagen til div. ekstraskift,

vil barnehagen merke med «barnehagen» og behalde.

Me ynskjer at klede vert teke med heim fredagar, slik at det vert sett over kva som trengs/ikkje trengs.

## Trelagsprinsippet

Barn er ute og leker i all slags vær. Da er det viktig å kle seg riktig. Trelagsprinsippet er en god huskeregel, også når barna skal lære å kle seg selv.



### Ull-/Superundertøy

Det innerste laget skal transportere fukt bort fra kroppen. Det skal være tynt og tettsittende.

Ull er best, og holder på varmen selv om det blir vått. For barn som reagerer på ull er bambus eller superundertøy gode alternativ.



### Ull-/Mellomplagg

Mellomlaget skal gi varme.

Klærne skal sitte litt løsere på kroppen, da luft mellom lagene gir god isolasjon.

Ull er et godt alternativ til fleece som ellers er mye anbefalt til dette laget. Tilpass tykkelsen etter behov.



### Parkdress/Skalltøy

Ytterlaget skal holde vær og vind ute.

Det bør være vind- og vanntett, og kunne slippe ut fukt fra de andre lagene.

For de minste er parkdress et godt valg. For eldre barn er skalljakke og -bukse å anbefale.

OBS: Unngå bomull på vinteren! Bomull holder på fukten og blir fort kaldt. Ull er gull, og holder på varmen selv om barna blir våte.

Dette er ynskjeleg at barna har tilgjengelig i barnehagen

### I grov/ute garderoben:

Tynn lue

Tjukk lue

Bøff

Regnklær

Regnvotter

Tynn dress eller jakke og utebukse - vind tett

Tjukk dress eller jakke og utebukse - vind tett

Tynne votter

Tjukke votter - to par - vind og vanntette

Støvler /Cherrox

Vintersko/Gore-Tex sko

### I inne garderoben:

Ullundertøy- to sett

Fleece bukser og gensere

Ullsokker 3 par

Ekstra undertøy

Generelt ekstra skift



## Faste aktivitetar:

**Måndag:** Utedag for Hugagløtten

**Tysdag:** Utedag for marihønene 2021-kullet

**Onsdag:** Utedag for skulestarterane 2019- kullet  
varmmat - Hugagløtten

**Torsdag:** Utedag for sommerfuglane 2020-kullet

**Fredag:** Ønskedag på - Grindagjengen med  
varmmat



- **Ute-dag:** Me er mest mogleg ute, enten i barnehageområdet eller ut på tur utanfor barnehageområdet. Fysisk aktivitet; I barnehagen er det lagt til rette for at barna skal få gode erfaringar med friluftsliv og uteliv til ulike årstider. Fysisk aktivitet er avgjerande for å oppleve trivsel, glede og meistring ved allsidig bevegelseerfaring. Fysisk helse og psykisk helse har nær samanheng. Barnehagen gjev barna tilgang til varierte og utfordrande bevegelsemiljø, sanseopplevingar i leik og aktivitetar inne og i eit aktivt uteliv. Barna skal ha med sekk med niste og drikke. Me anbefaler ei enkel niste med brødskive/knekkebrød, litt frukt/grønsaker. Drikkeflaske med vatn. På kalde dagar kan barna ha med termos med varm drikke. Me har erfart at når det er veldig mykje mat i matboksen, et barna lite og mykje mat går til søpla... Hugs at barna må bere sekken sjølv, så den må være passe tung 😊
- **Musikkbarnehage:** Er eit vellykka tilbod frå kulturskulen som vart etablert for eitt år sidan. Satsinga er meint som inspirasjon til eit aktivt musikkliv i oppvekstmiljøet. Barnehagen har fått tilbod og takka ja til å fortsetja komande barnehageår. Inneverande år vert det stor avdeling som får delta i denne song og musikktilven.
- **Ønskedag-dag:** Den store felles suksessen i slutten av veka. Ønskedagen for stor avdeling, på tvers av årskulla held fram på fredagar til stor glede, inndelt i stasjonar, i morosame aktivitetar. Varmmat er fast hygge på ønskedagen.

# VISMA MIN BARNEHAGE:

Link til Visma sin informasjonsside for foresatte: <https://www.visma.no/barnehagesystem/min-barnehage/>

I barnehagane i Vang brukar me appen som heiter Visma Min barnehage. Som foresatt må du laste ned Min Barnehage Foresatt-appen fra Google Play (Android) eller App Store (iPhone).

Fyrste gongen du loggar inn må du logge på med ID-porten. Du må då velje din kommune og opprette ein personleg pin-kode. Da kan du enkelt følgje barnas kvardag i barnehagen og kommunisere med oss 😊

Med "Visma Min Barnehage" vil du mellom anna få moglegheit til å:

- Motta og sende meldingar med barnehagen
- Registrere kva slags dagar barnet ditt ikkje skal vere i barnehagen
- Lese dagbok som fortel om barnets små og store opplevingar i barnehagen, i form av tekst og bilete
- Godta eller avslå samtykker (**viktig å ordne det heilt på starten**)
- Motta felles beskjeder med informasjon frå barnehagen
- Sjå når barnet har sove i barnehagen
- Registrere allergiar og medisinar


**Me oppfordrar alle til å ha på varsling, slik at du som foresatt får med deg beskjedar og informasjon vedrørende ditt barn.**

**\*Registrerte fråvær skal ikkje endrast (ring barnehage for å informere om endringer).**

Ved å kommunisere med våre ansatte ynskjer me at de **KUN** gjer dette gjennom Visma, og elles barnehagens telefonar helst innafor bhg` s opningstider. **Meldingar som vert sendt til oss på visma på kveldstid, vil me svare på dagen etter når barnehagen opnar att.** Ellers ynskjer me sjølv sagt kontakt ved levering/henting 😊

Link til brukerveiledning for foresatte i Min Barnehage Foresatt-app:

[https://docs.google.com/document/d/1\\_3iFh2Olz7bAd7wZcS4Sn-igCt45uu1OIUDx28fQN-k/edit](https://docs.google.com/document/d/1_3iFh2Olz7bAd7wZcS4Sn-igCt45uu1OIUDx28fQN-k/edit)



# Personalet i Fredheim



KARIN



URSZULA




ANETTE



GUNHILD



ANNE



ØYVØR



EMRAN




GRETE



INGUNN



BJØRN-ROGER



INGVILD



KETTER



OKSANA



ANDREA




SARA



ANN KRISTIN



KATARYNA



MARYAM



EMRANA



MERETE



Barnegruppene

Firkløverane (2023/2024)	Solsikkene (2022)	Marihønene (2021)	Sommerfuglane (2020)	Skulestarterane (2019)
Hedvig	Markus	Sondre	Isak	Tor
Ask	Heine	Anton	Anne	Jonas
Eline	Harijs	Greta	Mathea	Ylva
Matthewos	Henrik	Selma	Frida	Leonora
Moaz	Mikolaj	Matheo	Oliver	Luiza
Selma	Mikko	Nora	Oleksiy	Bethiel
Erik	Liam	Jakob	Henri	Emilia
Bjørg	Amalie	Ariana	Emma	Nils Peder
	Emrik		Donatas	Husna
	Eira		Emrik	Sverre
			Ea	Eva
			Ask	
			Domas	

I tillegg til symbola som firkløver, solsikke, marihøne, sommerfuggel og ugle, har kvart kull sin farge:  
 2019: Raud  
 2020: Gul  
 2021: Rosa  
 2022: Blå  
 2023: Grøn  
 2024: Kvit

# Hugagløtten


Den tredje døra du kjem til, der finn du Hugagløtten. Hugagløtten er avdelinga for dei som er i alderen 1- 3 år. Pr no blir me 11 barn frå hausten av, og 17 barn frå nytt år.

Me har utedag kvar måndag kor me enten går tur i nærmiljøet eller er ute i barnehageområdet. På onsdagar har me varmmat, der me legg til rette for sunn og næringsrik mat. Det er viktig for oss at ungane får bruke dei forskjellige sansane på forskjellige råvarer.

Me brukar puterommet vårt ofte, for å trene på den grovmotoriske utviklinga hjå barna. Me vil at barna skal kjenne på meistring og glede.

Me syng og les mykje bøker, og me ser at ungane vert så glade når me skal ha songsamling.

I år vil me ha temadagar knytt opp til årstemaet vårt. Her vil me fange interessa hjå barna og lage aktivitetar rundt dei. Me deler oss, og aktivitetane vert tilpassa aldersgruppa og deira ferdigheiter.



# Grindagjengen

Grindagjengen er namnet på avdelinga for dei som er 3-5 år, og her kjem ein liten presentasjon av oss: Det er 32 barn på stor avdeling, og me gjer mykje artig kan du tru!

Me har kvar vår utedag, der turar går i nærmiljøet. Når den eine gruppa er på tur, er det to grupper igjen på avdeling. Nokon gonger er dei som er igjen på huset ilag, andre gonger er gruppene delt. Det er mykje positivt med å kunne samarbeide på tvers, men me ser òg fordelar med å kunne dele oss kullvis.

I løpet av barnehageåret skjer det ulike «happeningar», og mange av desse er knytt til alder. På denne måten veit barna at dei har noko å sjå fram til.

Ønskedagen for stor avdeling, er ein fast suksess i slutten av veka. På tvers av årskulla deler me oss i stasjonar, med morosame aktivitetar. Varmmat er fast hygge i ønskedagen der me også har fokus på mat i frå botn og reine råvarer.



# Tradisjonar:

Gebursdagsfeiringar: Barnehagen feirar gebursdagen til alle barna. Me heng opp flagget, dei får krone og me har noko ekstra pynt på fruktmåltidet desse dagane. Bursdagsbarnet sit på ein eigen bursdagsstol og kan velje kva slags bursdagssang me skal syngje. Me ynskjer ikkje at foreldre sender med kake eller liknande.

Førjulstida: Foreldre vert invitert til julegrantenning som er fyrst på dagen 01.desember. Me koser oss med peparkaker og gløgg. Barnehagen har adventstund kvar dag, denne starter kl. 09.30, så alle barna må vere på plass til då. I løpet av vekene før jul har me juleverkstad, peparkakebaking, og julekino. Me avslutter med nissefest i løpet av den siste veka før jul, der barna kan kle seg ut som raudnisse, fjøsnisse ol. Denne dagen pleier me få besøk av julenissen som har med noko godt til barna. Me bakar lusekatter i barnehagen. Skulestarerane går Luciatoget i Vang. Dei to eldste kulla brukar å ha kyrkjebesøk. Me går til kyrkja, der me utforske kyrkjerommet og høyrer bibelforteljing. Denne vert lagt fram som ei formidling av ei historie nokon trur på, og ikkje som forkynning om at det har skjedd og at dette er noko barna må tru på.

Påske: Besøk av påskeharen. Påskeharen kjem med noko godt til barna. Me pratar om liv og død, og me jobbar med fagområda som etikk, religion, filosofi og natur, miljø og teknologi.





## Framhald:

Karneval: Me har temafest som ofte er knytt til årets tema i barnehagen.

17.mai: Foreldre til førskulebarna har ansvar for å henge opp flagget i barnehagen og ta med 17.mai-fana til Fredheim.

Avslutning før sommaren: Foreldra til skulerstarterane tek seg av avslutninga om våren. Personalet ordnar med ei helsing til kvar av seksåringane. Det vert opp til foreldre om alle i barnehagen skal vera med, eller om avslutninga skal vere kun for skulestarterane.

Idrettsdag på Tveit: I juni brukar me å ha idrettsdag på Tveit stadion. Dei to eldste kulla reiser med drosje til Tveit, der har me ulike aktivitetar og grilling.

Markering av forskjellige merkedagar: Dette varierer frå år til år, men det kjem på kalenderen i Visma.

Skulestartarane : Skulestarterane arbeider målretta med ulike skuleforberedande aktivitetar. Dei jobbar med å verte meir sjølvstendig, vise respekt, lytte til kvarandre og ta i mot beskjedar. Dette jobbar me med kvar dag i barnehagen, i alle aldersgruppene, men det er noko me legg ekstra vekt på i skulestarterklubben.



# Foreldresamarbeid – med eit mål om barnets beste

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. barnehagelova § 1... Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldre og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 29).

Foreldre kjenner barna sine best, mens barnehagen har kjennskap til korleis barna fungerer i ulike settingar i barnehagekvardagen, blant anna korleis dei fungerer saman i grupper med andre barn. Barnehagen er dagleg i kontakt med foreldre. Me har det formelle som er planlagde møter og samtalar. Og me har det uformelle, som er den daglege kontakta ved levering og henting. «Foreldresamarbeidet skal skje både på individnivå, med foreldre til kvart enkelt barn, og på gruppenivå, gjennom foreldrerrådet og samarbeidsutvalet» (Udir, barns trivsel - voksnes ansvar, kap. 8). Foreldrerråd og samarbeidsutval har som hensikt i å ivareta foreldre sin kontakt med barnehagen. Dette skal vere eit kontaktskapande, rådgivande og samordnande organ (KD, 2017, s. 30). Barnehagen har SU-møter eit par gonger i året der foreldrerepresentant, styrer, politikerrepresentant, verneombod og barnehagerepresentant stiller. Det er eit viktig samarbeid for at målet om barnets beste skal oppretthaldast.

Ein føresetnad for at ungene skal fungere og trivest i barnehagen er ein gjensidig og varm kommunikasjon mellom foreldre og personale. Barnehage og foreldre samarbeider om eit inkluderande og psykososialt miljø, som forebygger utrygghet, krenking, mistriivsel og diskriminering (Udir, 2022). Me har ein aktivitetsplikt som betyr at me skal følgje med og melde frå dersom me ser at eit barn ikkje har det trygt og godt. Barnehagelova kapittel VIII §§ 41-43 skal sikre barnas rett til eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Mobbeombudet i innlandet bistår barn og føresette i utfordrande situasjonar der barn ikkje opplever eit trygt barnehagemiljø. Forebyggande og tidleg innsats i barnehagen er viktig for å handtere mobbing. Me ynskjer at det skal vere ein låg terskel for å kunne ta opp ting - dette gjeld begge vegar.

Me er alle ein del av eit fellesskap der me ynskjer kvarandre vel. Foreldre har sitt barn i barnehagen, men i mange settingar må også de tenkje våre barn. Slik som personalet også må gjere. Eit ynskje for alle er at vårt barn skal verte møtt med respekt, og for at dei skal verte det, må også andre barn lære korleis dei viser respekt. Dette kjem blant anna inn under eit tankesett som Vang kommune arbeidar med; Smart oppvekst (Rammeplanen, 2017)






Fredheim barnehage

+

Smart oppvekst =

Robuste barn, som tek gode val for både seg sjølv og andre




Vårt grunnleggjande arbeid skal gjera barna opptekne av å skape eit miljø der **ALLE** opplev engasjement, livsglede og håp.

S  
M  
A  
R  
T

Me ynskjer at barna klarer seg sjølv, samtidig som dei er rusta til å hjelpe andre. Me ynskjer sjølvstendige barn, som føler seg trygg på seg sjølv og står for egne meiningar, samstundes som dei lærer å respekterer at andre har andre meiningar. Me ynskjer barn som held ut, seier ifrå og kan gjere motstand. Barna må også ta omsyn til andre, dei må kunne regulere egne følelsar, og balansere eigen sårbarheit i eit fellesskap med andre.

S  
M  
A  
R  
T

Me har trua på at det ein fokusera på - får me meir av. Ser me etter det positive i kvardagen, både det som skjer og i menneske me møter, vil glede, humor og oppmuntring gje større gevinst enn om me berre ser etter det negative.



## Smart oppvekst

Vang kommune hadde eit ynskje om å arbeide med at barn og unge skulle takle det livet har å by på, både i medgang og i motgang. Målet skulle gjere barn, unge og vaksne opptekne av å skape eit miljø der alle opplev engasjement, livsglede og håp. Som eit verktøy for dette arbeidet, vart me introdusert for smart oppvekst i 2018. Smart oppvekst vart utvikla i tidlegare Re kommune, og personal i barnehage og skule i Vang kommune vart kursa frå Smart- senteret.

Smart oppvekst skriv på sine heimesider: «Hvordan kan vi sammen utvikle fellesskap der ALLE opplever inkludering, livsglede, engasjement og håp? Kort forklart handler SMART oppvekst om å sette verdier og prinsipper (styrkefokus, medvirkning, anerkjennelse, relasjoner og trening) i bevegelse for å bygge denne kulturen og dette fellesskapet. Det handler om våre opptredener og handlinger i alle våre mellommenneskelige møter.» (smartoppvekst.no)





















Barna kjem til å møte motstand, det er ein del av livet og er ikkje noko me skal prøve å hindre. Men me ynskjer å arbeide med korleis barna møter denne motstanden, og at måten dei vil handtere dette på, vert gjort på ein måte som gjer at dei vil kome styrka ut. Me har trua på at det ein fokusera på - får me meir av. Ser me etter det positive i kvardagen, både det som skjer og i menneske me møter, vil glede, humor og oppmuntring gje større gevinst enn om me berre ser etter det negative.

Fokuset er SMART: Styrke, medverknad, anerkjenning, relasjon og trening. Me skal leite etter Styrkane i oss sjølv og i kvarandre. Medverknad vil skape engasjement og indre motivasjon, for alle si stemme er like mykje verdt. Alle fortener å verte sett på med positive auger og få opplevinga av å bety noko, på denne måten vil barnet kjenne Annerkjenning. Relasjonar oppstår i møte med andre menneske. Me ynskjer at alle skal føle seg inkludert, slik at ikkje nokon fell utanfor. For å få til alt dette, må me Trene.

Smart oppvekst arbeider med 20 eigenskapar, som er eit godt hjelpemiddel i kvardagen. Me ser at dersom ein bruker desse aktivt, at me byggjer opp eigenskapar med styrkebasert fokus retta mot kvarandre, vil også barna ta med seg desse i møte med andre. Dette barnehageåret ynskjer me ha fokus på to eigenskapar i månaden.



# Smart- eigenskapar igjennom heile året

AUGUST	SEPTEMBER	OKTOBER	NOVEMBER	DESEMBER	JANUAR
 <p><b>OMSORG</b></p> <p>Det er når vi viser at vi bryr oss om andre med det vi sier eller gjer.</p>	 <p><b>Å VERA HJELPSAM</b></p> <p>Det er når vi hjelper andre.</p>	 <p><b>LEIAREIGENSKAPAR</b></p> <p>Det er når vi får andre menneske til å fungera godt, får til ting og har eit godt samspel.</p>	 <p><b>MOT</b></p> <p>Når vi totes å gjera noko som er bra (eller har lyst til), enda vi tykkjer det er litt skummelt.</p>	 <p><b>TOLMOD</b></p> <p>Det treng vi når vi må venta på noko.</p>	 <p><b>SJØLVTILLIT</b></p> <p>Ha tru på at du er noko, kan noko og veit noko.</p>
	 <p><b>MÅLRETTA</b></p> <p>Ein som veit kva ein vil og planlegg kva ein må gjere for å nå måla.</p>	 <p><b>SAMARBEID</b></p> <p>Der er når vi klarer å jobba saman med andre for å få til noko.</p>	 <p><b>Å TA ANSVAR</b></p> <p>Det er når vi tar ansvar for det vi gjer og passar på det vi har.</p>	 <p><b>TAKKSEMD</b></p> <p>Det er når vi legg merke til og er glade for noko som skjer, og seier det.</p>	 <p><b>HUMOR</b></p> <p>Evne til å glæda seg sjølv og andre med smil og latter.</p>
FEBRUAR	MARS	APRIL	MAI	JUNI	
 <p><b>Å HALDE UT</b></p> <p>Det er når vi held ut sjølv om vi har lyst til å gi opp.</p>	 <p><b>Å VERA ÆRLEG</b></p> <p>Vilje til å seia det som er sant.</p>	 <p><b>LÆRINGSGLEDE</b></p> <p>Det er når vi likar å læra nye ting og veit korleis vi skal jobba for å få ny kunnskap.</p>	 <p><b>KREATIVITET</b></p> <p>Det er når vi tenkjer nytt og finn nye og gode løysingar.</p>	 <p><b>HUMANISME</b></p> <p>Tru og handla ut i frå at alle menneske er år like mykje verd sjølv om dei ser forskjellige ut og meiner forskjellige ting.</p>	
 <p><b>INTEGRITET</b></p> <p>Gjer det du sjølv er overtydd om er rett.</p>	 <p><b>SJØLVKONTROLL</b></p> <p>Når du bestemmer over det du gjer på ein positiv måte.</p>	 <p><b>Å VERA NYSGJERRIG</b></p> <p>Evne til å visa interesse for alt som foregår. Sjå ei sak frå fleire sider, eksperimentera og finna ut korleis ting fungerer.</p>	 <p><b>RESPEKT</b></p> <p>Det er når vi viser omsyn til oss sjølv, andre, ting og dei som bestemmer.</p>		

## Kva rammeplanen seier om overgang heim - barnehage, minste avdeling til stor avdeling, frå barnehage til skule og korleis me jobbar med dette på Fredheim:

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn. Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhøyrsløse og føle at det er trygt å leike, utforske og lære.» (r.planen 17:33)

Når barna skal starte i barnehagen, er det noko nytt for barnet, men det er og noko nytt for foreldra. Me er opptekne over at denne overgangen skal verte trygg og fin for både liten og stor.

- Me inviterar nye foreldre til ein besøksdag i forkant
- Me sender ut velkomstbrev, med informasjon om tilsette, rutinar mm.
- Me har ca. 3 tilvenningsdagar, alt etter behov.



«Det skjer overgangar i barnehagen òg. Personalet skal sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter barnegruppe.» (r.planen 17:33) Me er mykje i lag på uteområdet, der alle i personalgruppa prøver å verte kjende med alle barna. Dei eldste barna på Hugagløtten får vere med på ulike «happeningar» på stor avdeling.

## Framhald:



God overgang mellom barnehage og skule skal sikrast gjennom dokumentasjon, gjensidig kontakt mellom tilsette og klare rutinar. Overgangen skal vere prega av tryggleik, kontakt og meistring.

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, overgangen til skulen og skulestarten. Barnehagen må ha samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen. Dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner. Barna skal få bli kjende med kva som skjer i skulen og skulefritidsordninga.» (r.planen 17:33)

Vang kommune har eit årshjul for overgang barnehage - skule. (Sjå neste side) Dette er for å sikre at både barnehage og skule gjennom heile året har ulike ansvarsoppgåver, som alle går ut på å gjere overgangen vert best mogleg for barna. I tillegg har skulestarterne: • Klubb ein gong i veka med ulike skuleørebuande oppgåver. Me jobbar i bøker og har ulike praktiske oppgåver som passar til. Me er på ulike turar/opplegg som er fast kvart år, noko som dei dermed har sett fram mot lenge. Blant anna vatntilvenning og buføring for å nemne noko.




## Barns medverknad og prosjektarbeid som månadstema gjennom heile året:

Barnehagen er ute på tur med ei barnegruppe, og me stoppar opp ved vatnet. Planen var at me skulle sjå etter fuglar, men me trengte ei pause. Etter ei stund ved vatnet set ein vaksen seg ned ved eit barn, og dei ser bilete til høgre framfor seg

Kva ser du? Ser du ein stein i vatnet? Eller ser du ein hai-finne..?



Korleis me som vaksne er med på slike samtalar, har mykje å sei for vidareutviklinga, både når det kjem til språket og leiken. Dersom den vaksne seier at det er ein stein, kan samtalen vere over. Men om me kan sjå det med barns auger, og vere med på å fantasere, kan samtalen fortsetje og fortsetje. Fleire og fleire barn vert med i samtala, kor har haien vore, kva liker han å ete, kva farge har han..? Me sit lenge, nokon barn går bort frå samtala, men me ser at dei leiker mamma-hai og pappa-hai.





Spørsmåla me hadde om haien tek me med tilbake til barnehagen, og me lager oss eit hai- prosjekt. Me ser i bøker og på internett, og skaffar oss meir kunnskap om haien. Me tek i bruk ulike material og lagar ein stor hai som me heng i taket.

Tanken me hadde om fuglar, får vente, her har me noko som barna tykkjer er meir interessant akkurat no.

Det var eit barn som såg haien, men den vaksne var med og fleire barn vart interessert. Og det er akkurat slik me vil jobbe med temarbeidet vårt dette året. Kva er barna opptekne av denne månaden..?

Kor lenge slike tema/prosjekt varer, kjem an på interessa til barnet, og det kjem an på dei vaksne. Med `tilstøtende` personal, som les og tolkar barna, vil gjere at me kan sjå kva som vil fengje barnegruppa.

«Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen. Barnehagen skal vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadene og behova til barna. Også dei yngste barna og barn som kommuniserer på andre måtar enn gjennom tale, har rett til å gi uttrykk for kva dei synest om sine eigne vilkår. Barnehagen må observere og følgje opp dei ulike uttrykka og behova til alle barn.» (Rammeplanen, kunnskapsdepartementet, 2017, s. 27) Barn skal vere aktive i eige liv, det betyr ikkje at dei skal få bestemme alt dei vil, men dei skal sjå og føle at dei vaksne lyttar til dei og tek dei på alvor.

Personalet har også moglegheit til å tilpasse tema ut frå behov i barnegruppa. 3-åringane skal i løpet av året til tannlegen for fyrste gong, og her kan barnehagen vere med å førebu barna på dette. Ved hjelp av observasjon, vil me også kunne sjå om det er noko den eine barnegruppa kan jobbe meir med ein periode, til dømes korleis me seier Stopp.



- «Barn må ikke lære språket for å inkluderes, de må inkluderes for å lære språket» – udf.

## I tillegg til prosjektarbeid er også **KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST** eit viktig tema dette barnehageåret:



### Kvifor ???

Dette er eitt av fagområda i «Rammeplan for barnehagen», og ein svært viktig del av barnehagen sin kvardag. Gjennom arbeidet med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer. I barnehagen møter barna mange ulike språk, språkformer og dialekter. Språket er ein føresetnad for å kunne uttrykke seg og bli forstått i all kommunikasjon med andre. Språket er sjølv fundamentet for å lære. Barn må lære seg språk for å kunne tenke, forstå og hugse. Språket skapar identitet og tilhørighet i eit samfunn. Språket er avgjerande for barnets utvikling, både intellektuelt, sosialt og emosjonelt. Det munnlege språket dannar grunnlaget for seinare skriftleg språk. Til rikare munnleg språk til rikare skriftleg språk.

### Korleis??

Gjennom arbeid med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna får uttrykke kjensler, tankar, meiningar og sine egne erfaringar. Bruke språk til å skape relasjonar og deltaking i leik. Utvikle begrepsforståinga og ordforrådet. Leike og eksperimentere med rim, regler, rytme, lydar og ord. Oppleve spenning og glede ved høgtlesing/forteljing av eventyr, segner, sangar og samtale. Utforske og gjera seg erfaringar med ulike skriftspråklege uttrykk, som t.d. teikning, leikeskrift og bokstavar.

**NB! Den beste måten ein lærer språket på, er å vera språkleg aktiv !!!**

fortsetting:

## Korleis gjer me dette i praksis i Fredheim barnehage???

Ulike språkstimulerande aktivitetar, som t.d.

- Memory/Lotto - Kva ser me på bildet ?
- Fisking av ord - Fiskestang m/magnet + bildekort m/binders
- Leik med preposisjonar, overbegrep og kategoriar
- Rim og regler
- Sangar
- Eventyr/ Forteljingar / Bøker
- Gjetteleik og gåter
- Rolleleik
- Kims leik - Hugsar du kva du såg?
- m.m.m.



Dette er døme på leik- og språkaktivitetar som me dagleg brukar i barnehagen.

Dette barnehageåret blir det systematisk arbeid med Språk, både på liten og stor avdeling.

Med dei minste blir det fyrst og fremst å stimulere ordforråd og språkforståing, i små aldersadekvate grupper.

Med dei eldste tenkjer me meir stasjonsprega leik-og språkaktivitetar.

fortsetting:

## SPRÅKTREET - eit hjelpemiddel for å forstå barns språkutvikling

- Språkutviklinga til barna kan samanliknas med korleis eit tre veks. Språket hentar si næring frå sine omgjevnader, men språket veks også ut frå ibuande evner og moglegheiter. Eit godt språk treng alltid fornying og treng forsterkning av det grunnleggjande, samtidig som det kjem til ny vekst og utvikling. Treets røter, stamme, greiner og blader blir påverka av kvarandre og av omgivnadene rundt.



# Kunst, kultur og kreativitet:

I barnehagens rammeplan står det at opplevingar med kunst og kultur i barnehagen kan leggje grunnlag for tilhørsle, deltaking og eige skapande arbeide.



I barnehagen skal barna få **estetiske erfaringar** med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og progresjon.

Barnehagen skal leggje til rette for samhørsle og kreativitet ved å bidra til at barna saman får oppleve og skape kunstnariske og kulturelle uttrykk. Fagområdet tek for seg uttrykksformer som **biletkunst og kunsthåndverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design**. Barnehagen skal la barna møte ulike kunstnariske og kulturelle uttrykk som speglar eit mangfaldig samfunn og ulike tidsepokar. I arbeid med fagområdet skal personalet stimulere nysgjerrigheit, utvide forståinga deira og bidra til undring, undersøkingar, utprøvingar og eksperimentering. Barnehagen må leggje til rette for og vidareutvikle dei kreative prosessane og uttrykka til barna. ([Rammeplan for barnehagen](http://Rammeplan%20for%20barnehagen.udir.no) [udir.no](http://udir.no))

Kunst er ein visuell gjenstand eller ein annan type **sansbart fenomen** (sjå, høyre, smake, lukte, ta på, kjenne) som er laga ved hjelp av kunnskap, ferdigheit og fantasi. (snl.no, 2024) Det er ingen begrensingar til materiale, størrelse eller form.

Kultur brukast i ei rekkje ulike samanhengar, men ofte kan vi seie at det handlar om noko som skjer i samheng med tanke-, kommunikasjons- og atferdsmønster hjå menneske.

Kreativitet kjem frå det latinske begrepet «creare» som tyder «å lage» eller «å skape». Kreativitet er evna til å fantasere, førestille seg og utvikle nye idear. Begrepa kreativitet og innovasjon brukast ofte om kvarandre. Kort forklart er forskjellen at kreativitet yil seie å unnfange og skape ein idé, medan innovasjon handlar om å setje idéen ut i livet.



## Barnehagen skal bidra med:

- tilgang til ting, rom og materiale som støttar opp om dei leikande og estetiske uttrykksformene.
- fantasi, kreativ tenking og skaparglede.
- inntrykk og kjensler i møte med kunst, kultur og estetikk gjennom skapande verksemd ute og inne.
- eit mangfald av kunstnariske og kulturelle uttrykksformer, og at barna får utforske og delta i kunst- og kulturopplevingar saman med andre.
- bruk av ulike teknikkar, materiale, verktøy og teknologi til å uttrykkje seg estetisk.
- at barna får kjenne seg glade og stolte over si eiga kulturelle tilhørslse.
- samtaler med barna om deira eigne og andre sine kunstnariske og kulturelle uttrykk.
- å gje rom for, støtte og styrke barnas bearbeiding av møte med kunst og kultur.
- å vere lydhøyre, anerkjenne og respektere barns eigne tradisjonskultur og barnekultur.
- å vere lyttande og merksame på dei ulike kulturelle uttrykka til barna, vise respekt for ytringsformene deira og fremje lysta til å gå vidare med å utforske dei estetiske områda.
- å motivere barna til å uttrykkje seg gjennom musikk, dans, drama og anna skapande verksemd, og la dei få utvikle varierte uttrykksformer.
- å synleggjere og skape estetiske dimensjonar i inne- og uteromma i barnehagen.
- å gje barna høve til å bli kjende med eit mangfald av tradisjonar og kunst- og kulturuttrykk frå fortid og samtid.
- at kulturelt mangfald blir til glede for heile barnegruppa.



fortsetting:

## På kva måte arbeider vi med kunst, kultur og kreativitet i Fredheim barnehage:

- Aktive pedagogiske opplegg som òg favnar vidt innanfor fagområde som biletkunst og kunsthandverk, musikk, dans, drama, **språk**, litteratur, film, arkitektur og design.
- Samarbeid mellom kyrkja og barnehagen med tema respekt, takknemlegheit og omsorg, liv og død, og tradisjonar rundt dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferd. Barnehagane og kyrkja i Vang har ein eigen plan for samarbeidet gjennom året, utarbeida av kyrkjekontoret og styrarar/ pedagogisk leiarar.
- Nasjonale høgtider og tradisjonar blir arbeidd med fortløpande gjennom heile året.
- Ønskedag som oppleving- og læringsarena.
- SMART- oppvekst.
- Musikkbarnehage m/ Kulturskula.
- Bokleik på biblioteket for skulestartarane.
- Barnehagedagen (Nasjonal).
- Besøk på Solgløtt på Storploggen og dagsenteret på Vangsheimen.
- Idrettsdag på Tveit.
- Fleirkulturelt fellesskap.



# Skulerute 2024/2025

Månad	Dato for skule/barnehagestart, ferie og planleggingsdagar	Feriar / fridagar / merknader	Skuledagar
August	veke 33: 13., 14., 15., 16. august 2024	Planleggingsdagar for skule	10
	veke 33: 14., 15., 16. august 2024	Planleggingsdagar for barnehage	
	måndag 19. august 2024	Første skuledag for elevane	
September			21
Oktober	f.o.m. måndag 7. t.o.m. fredag 11. oktober 2024	Haustferie veke 41	18
November	fredag 29. november 2024	Fridag for elevar fredag 29. nov. 2024 Planleggingsdag for barnehage og skule	20
Desember	fredag 20. desember 2024	Siste skuledag før jul	15
		<b>SUM elevdagar haust 2024</b>	<b>84</b>
Januar	torsdag 2. januar 2025	Første skuledag etter jul	21
	fredag 31. januar 2025	Fridag for elevar fredag 31. januar 2025 Planleggingsdag for skule og barnehage	
Februar	f.o.m. måndag 24. februar t.o.m. fredag 28. februar 2025	Vinterferie veke 9	15
Mars			21
April	f.o.m måndag 14. april –t.o.m måndag 21. april 2025	Påskeferie	16
Mai	torsdag 1. mai 2025	Høgtidsdag, fri	19
	fredag 2. mai 2025	Fridag for elevar fredag 2. mai 2025	
	torsdag 29. mai 2025	Høgtidsdag, fri	
Juni	måndag 9. juni 2025	Høgtidsdag, fri	14
	fredag 20. juni 2025	Siste skuledag for elevane	
	måndag 23. juni 2025	Planleggingsdag for barnehage	
		<b>SUM elevdagar vår 2025</b>	<b>106</b>
		<b>SUM elevdagar 2024-2025</b>	<b>190</b>

Barnehagane er stengt når det er planleggingsdag. Dette barnehageåret vert det planleggingsdag desse dagane;

14-16 august,  
29. november,  
31. Januar  
23.juni





# Årshjul, barns trivsel: Tidlig innsats

2024-2025

**Desember:**  
•Utviklingsarbeid


**Januar:**  
•Halvårsoppsummering  
•Årsmelding  
•Foreldreundersøkelse  
•Felles personalmøte  
•Utviklingsarbeid  
•Planleggingsdag

**Februar:**  
•1.februar søknadsfrist for å søke barnehageplass  
•Pedagogsamling  
•Utviklingsarbeid

*Me har to foreldresamtalar i året; ein er frivillig, den andre er obligatorisk.*

**November:**  
•Medarbeidersamtalar  
•Pedagogsamling  
•Utviklingsarbeid  
•Planleggingsdag (felles for hele Valdres)

**Oktober:**  
•Foreldresamtalar  
•Sjekkliste: Handlingsplan for vennskap  
•Relasjonskartlegging  
•Eigenvurdering og refleksjon  
•Utviklingsarbeid  
•Dialogseminar  
•Rettleiing av nytilsette.



**Mars:**  
•Sjekkliste: Handlingsplan for vennskap.  
•Relasjonskartlegging  
•Eigenvurdering og refleksjon  
•Utviklingsarbeid  
•Barnesamtaler

**April:**  
•Foreldresamtalar  
•Foreldremøte  
•Pedagogsamling  
•Utviklingsarbeid

**Mai:**  
•Oppfølging av utviklingsarbeid HINN  
•Utviklingsarbeid

*Besøk av helsesøster og PPT i barnehagen kontinuerlig*

**September:**  
•Foreldremøte i barnehagen  
•Felles personalmøte  
•Pedagogsamling  
•Fyrstehjelpskurs  
•Vernerunde HMS  
•Utviklingsarbeid

**August:**  
Planleggingsdagar (3 dagar)  
Tema:  
•Smart oppvekst  
•Aksjonslæring  
•Utviklingsarbeid  
•Organisering  
•Planlegging  
•Ferdigstille årsplan  
•Generelle planar

**Juni:**  
•Evaluering av barnehageåret.  
•Evaluering av Utviklingsarbeid  
•Overgangsmøte med skule.  
•Planleggingsdag  
•Utviklingsarbeid



## Det e godt å ha någen

Det e godt å ha någen me kjenne  
sånne så smile og ler  
Og spør koss me har det for tiå  
Om någe e opp eller ner

Ka va vel livet foruden  
Det kan eg'kje tenka meg eg  
Det e godt å ha någen me kjenne  
Det e godt atte eg kjenne deg

Det e skikkeligt godt å ha venner  
Sånne me kan spør om alt  
De har sånne hjelpsomme hender  
De varme oss når der e kaldt

Ka va vel livet foruden  
Det kan eg'kje tenka meg eg  
Det e skikkeligt godt å ha venner  
Det e godt å ver venner med deg

For det besta i verden e venner  
Sånne så lige oss best  
Så glede seg kver gang de ser oss  
Så dagane blir som ein fest

Ka va vel livet foruden  
Det kan eg'kje tenka meg eg  
For det besta i verden e venner  
Det e godt å ver venner med deg

Svein Tang Wa

